

Alle vil spele på gitar

Tekst: Lars Mæhle 2017

Melodi: Beate S. Lech 2017

Gm⁷ D⁷ Gm⁷ D⁷

Vi vil

5 Gm⁷ Dm Eb Bb Eb F

star-te opp eit band, men al-le vil helst spe-le på gi- tar. Vi har

9 Cm⁷ Gm⁷ Eb D

prøvd med kon-tra-bass, det blei ber-re kat-te-jazz, mens vi vil spe-le roc-ke-gi- tar. Vi

13 Cm⁷ Gm⁷

tes - ta med litt synth, det let pi - pe - te og tynt, vi for -

15 Cm Gm⁷

søk - te med trom - pet, men fy fe - la som det let. Vi vil

17 Gm⁷ Dm⁷ Cm/Eb F

1.-5. 3

star - te opp eit band, men al - le vil helst spe - le på gi - tar.

20 Gm⁷ D⁷ 6. Dm⁷

in - gen av oss kan

23 Eb F Eb F Eb F Gm

spe - le bit - te - lit - te grann på gi - tar.

Alle vil spele på gitar

Tekst: Lars Mæhle

1. vers

Vi vil starte opp eit band
men alle vil helst spele på gitar
Vi har prøvd med kontrabass
– det blei berre kattejazz
mens vi vil spele rockegitar
Vi testa med litt synth
det lét pipete og tynt
Vi forsøkte med trompet
men fy fela som *det* lét
Vi vil starte opp eit band
men alle vil helst spele på gitar

2. vers

Vi vil bli megastore stjerner
men alle vil helst spele på gitar
Vi vil så visst ikkje bli sett
med eit trekkspel rett og slett
berre kul og superstilig gitar
Om du kjøper deg billetter
får du ingen kastanjettar
og iallfall ikkje fele
eller kam og ukulele
Vi vil bli megastore stjerner
men alle vil helst spele på gitar

3. vers

Vi vil gå til topps på lista
men alle vil helst spele på gitar
Ingen tar i ein trombone
i vår superstreng tone
Berre plekter og ein skikkeleg gitar
Den verste lyden vi har fått
er frå ein eldgammal fagott
Og om vi har ein mangel
er det jammen ei triangel
Vi vil gå til topps på lista
men alle vil helst spele på gitar

4. vers

Vi vil vere kulare enn Elvis
men alle vil helst spele på gitar
Vi syng fargeglade vers
og vrikkar litt på tvers
mens vi tryllar rytmar fram på gitar
Og om vi får ein sjans
vil vi spele opp til dans
Vi snurrar rundt og rundt
i milliardar av sekund
Vi vil vere kulare enn Elvis
men alle vil helst spele på gitar

5. vers

Vi vil på date med deg i kveld
men alle vil helst spele på gitar
Vi har håret fullt av voks
ja, da er stemninga i boks
når vi tar rockesolo på gitar
Vi har spurt pappa om litt fri
og går til sengs først klokka ti
Vi har dei tøffaste av jakker
og om du er litt vakker
vil vi på date med deg i kveld
men alle vil helst spele på gitar

6. vers

Vi er fire tøffe jenter
og alle vil helst spele på gitar
Vi driv ikkje med slik rap
og går med idiotisk cap
men hamrar hardt og viktig på gitar
Vi spelar riff til krampa tar oss
som om stjernestormar bar oss
men det endar opp i kranglar
for det er éin ting vi manglar
Vi er fire tøffe jenter
Men ingen av oss kan
spele bitte lite grann
på GITAR!